



Kulturmidlar - Tilskott

Referansenummer: N6SG4D

Registrert dato: 15.03.2017 22:00:17

Vedlegg:

Budsjett Oster Brass 2017.pdf

Signert rekneskap Oster Brass 2016.pdf

Årsmelding Oster Brass 2016.pdf

Årsmøtereferat Oster Brass 2017.pdf

Innleiing	
Kommunen tildeler kvart år midlar etter søknad frå enkeltpersonar og lokale lag/grupper/organisasjonar.	
Søkjaren er	
<input type="radio"/> Enkeltperson	<input checked="" type="radio"/> Gruppe/lag/organisasjon
Vel kategori for prosjektet	
<input type="checkbox"/> Kulturmidlar driftstilskott	<input type="checkbox"/> Kulturmidlar investeringar
<input checked="" type="checkbox"/> Kulturmidlar aktivitets- og prosjekttilskott	<input type="checkbox"/> Ungdomsmidlar
Namn/arbeidstitel på prosjektet	
Inspirasjonsdirigent til NM-kvalifisering	

Om søkjaren	
Organisasjonen	
Organisasjonsnummer	
992392835	
Namn	Adresse
Oster Brass	Litlevika 71
Postnummer	Poststad
5914	ISDALSTØ
Telefonnummer	E-postadresse
40452611	bmtorsvik@gmail.com
Bankkontonummer	
36325008355	
Namnet på leiaren	
Benedicte M. Torsvik	
Kasserar	
Førenamn	Etternamn
Anne	Gåsland
Telefonnummer	E-postadresse
92019835	gasland.anne@gmail.com

Omtale av søkjaren/prosjektet

Omtale av søkeren/organisasjonen

Oster Brass blei stifta i 1981, og har gjennom mange år vore eit brass band i 1.divisjon. I inneverande sesong har korpset 35 faste medlemmer frå 16 til 50 år frå heile Nordhordland. Korpset har det siste året engasjert fleire dirigentar, som skapar utvikling og når mål på ulike områder. Dei seinare åra har vi lukkast i å byggje opp ei stabil og jamn besetning. Samtidig har vi eit uttalt mål om å vere eit springbrett for ungdom som ønskjer å spele på eit endå høgare nivå, og har sendt vidare musikantar til elitekorps som Eikanger-Bjørsvik Musikklag og Manger Musikklag. Vi er opptatt av å gje unge musikantar utfordringar og moglegheiter, samt engasjere inspirerande dirigentar som skapar eit godt miljø for utvikling. Oster har over mange år hatt ei bevisst haldning til å skape lokal forankring og tilknytning til kulturlivet i Lindås kommune og Knarvikområdet. Mellom anna set vi stor pris på å ha nære band til dei lokale skulekorpsa. Om lag ein fjerdedel av medlemmene våre spelar framleis der, og endå fleire av dei har bakgrunnen sin derifrå. Vi meiner at ein gjennom slike samarbeid kan skape vinn-vinn situasjonar, der partane kan vere ressursar for kvarandre. Tilknytninga til Knarvik har òg vorte sterkare ved at vi frå hausten 2004 har hatt øvingslokale i Musikkhuset - noko vi set stor pris på.

Omtale av prosjektet/aktiviteten

Oster Brass har mange unge, lovande musikantar og vi er eit springbrett for unge mellom skulekorps og elitedivisjon. Korpset deltek kvart år i NM og i Siddis Brass, og har gjennom gode resultat gjennom mange år vist eit høgt nivå, samhald og musikalsk stabilitet. Konkurransar er eit middel for å betre det musikalske nivået i korpset. Det musikalske nivået i korps-Norge har aukt mykje dei siste åra, og ved NM Brass i februar i år gjekk ikkje resultatata vår veg. Til tross for hard jobbing rykka vi ned til 2. divisjon i konkurransen. Hausten 2017 blir det imidlertid arrangert ein kvalifiseringskonkurranse kor vi har moglegheit til å vinne tilbake plassen i 1. divisjon. For å kunne gjennomføre dette og oppnå målet om å igjen vere eit 1. divisjonskorps søker vi om midlar til å kunne engasjere ein inspirasjonsdirigent som kan løfte det musikalske nivået til korpset ytterlegare. For å kunne delta i konkurransen treng vi og å leige eit lokale som eignar seg godt akustisk for opptak, samt personar med lydkompetanse og opptaksutstyr. All organisering utover dette vil bli gjort på dugnad. Vi håpar de ser det positive Oster Brass gjer for ungdommen, kulturlivet og innbyggjarane i Lindås Kommune, og håpar at de vil gje oss midlar vi kan bruke til å oppretthalde det musikalske nivået og behalde plassen i 1. divisjon, kor vi tidlegare har haldt oss stabilt i mange år.

Dato/tidsrom for prosjektet/aktiviteten

Midten av august til midten av oktober 2017

Staden for prosjektet/aktiviteten

Knarvik/Lindås

Er aktiviteten tilrettelagd for funksjonshemma?

Ja Nei

Budsjett

Før opp alle beløpa i heile tusen kroner.

UTGIFTER

Sum utgifter

60000

Spesifikasjon

Beløp

Direksjon

30000

Leige av lokale

5000

Leige av lydutstyr med personale og opptak

15000

Reise, kost og losji dirigent

10000

Sum: 60 000,00

FINANSIERING

Søknadsbeløp for denne søknaden

60000

Blir det søkt tilskott hos andre instansar?

Ja Nei

Søknadsbeløp hos andre instansar

20000

Spesifikasjon - andre instansar	Beløp
Sparebanken Vest	20000
	Sum: 20 000,00
Andre inntekter utanom tilskott 255000	
Spesifikasjon andre inntekter	Beløp
Annonsestøtte Siddis/NM	15000
Kontingent	55000
Dugnader	105000
Siddis og NM bilde+festkonsert + brassnight	15000
Diverse	10000
Lodd- og kalendersal	55000
	Sum: 255 000,00
Sum finansiering 335000	

Medlemsmasse
Før opp antall medlemmer i organisasjonen
Mellom 0 og 5 år 0
Mellom 6 og 12 år 0
Mellom 13 og 19 år 7
Over 20 år 28
Har organisasjonen medlemskontingent? <input checked="" type="radio"/> Ja <input type="radio"/> Nei
Born/unge til og med 19 år 1800
Vaksne frå 20 år 2000